

- [Lånekassen](#)
- [Lovdata](#)
- [Barnevakten](#)
- [ABC Startsiden](#)
- [Brønnøysundregistrene](#)
- [Kalender](#)
- [Helsingar](#)

Fitjar-Posten

Søk søk ...

Måndag 18. September 2017

Nettbutikk 

Publisert 04 september 2017 | Skriven av Kjetil Rydland | 



Pust i påsen på Årskog museum: Snart fem år gamle Matias Fitjar Neergård siktar godt og klarer til slutt å treffa blinken. Foto: Kjetil Rydland.

Open dag med kjekke aktivitetar

Sjolv om me kunne vore fleire, fekk me som møtte opp ein triveleg dag i godvêret på Årskog museum i går.

Sunnhordland museum stilte med fleire kjekke aktivitetar under gårsdagens tilskipping på Årskog museum. Det same gjorde alltid velvillige bygdekvinner og Fitjar Husflidslag. Me fekk spandert nysteikte flatbrød med heimelaga smør, og i stovene sat kvinnene og strikka. Birte Titlestad spann mjukt garn av angorageita som ho hadde med seg i eit bur.

Som vanleg stilte bygdekvinnene opp med kafé i kjellaren i barnehagen. Og Hilma Lønning demonstrerte oppstadjev til alle interesserte. I løa hadde husflidslaget sett opp ein minireiparbane, ei tautvinne som dei laga hoppetau på.

Også denne gongen var det mykje anna kjekt tidsfordriv for ungane. Stampen med magnetfiskar samla unge fiskarar som drog opp fisk og fekk frukt i premie om dei klarte å artsbestemma fisken på plansjen like ved. "Pust i pøsen" – rognebærskyting i pusterøyr – har etter kvart blitt tradisjon på desse tilskippingane. Til stor glede spesielt for den yngre garde. Me er midt i rognebærseongen, og med stor iver bles ungane av all kraft for å treffa den flaggpryda blinken. Premien var ei gulrot.

Dagens høgdepunkt gjekk me glipp av, då formidlingsleiar Johanne Øvstebø Tvedten i siste liten blei forhindra frå å framføra forteljinga "Skarvane på Utrøst". Men foredraget til den nye museumsconservatoren fekk me med oss. Helge Pedersen hadde førebudd seg godt, og som historikar makta han å gi liv til den dramatiske og ofte triste historia til folket på den gamle slektsgarden i Årskog. Ein flott prestasjon, som ei lokalkjend forsamling såg ut til å setja pris på.

Det hadde absolutt vore plass til fleire på museet denne gongen, men dei som kom fekk ei triveleg stund i godvêret. Det er heilt tydeleg at museumsfolket har funne eit "konsept" som høver bra både for unge og gamle.



Konservator Helge Pedersen held foredrag om Årskog museum. Foto:: Kjetil Rydland.



Nora Jæger Thorland konstaterer at det er svartkutling ho har fått i stampen til Emilie Skram Isdahl. Foto: Kjetil Rydland.



Annlaug Rimmereid spanderte flatbrød med heimekidna smør. Ho har gitt ut eit eige oppskriftshefte som var til sals. Foto: Kjetil Rydland.



Solveig Thomassen og Ingrid Træet såg ut til å trivast med flatbrødbaksten. Foto: Kjetil Rydland.



Kirsten Melkevik hjelper Linn Camilla å tvinna seg eit nytt hoppetau av oppstrimla tøyrestar. Foto: Kjetil Rydland.



Hilma Lønning var som vanleg til stades og demonstrerte oppstadvev. Foto: Kjetil Rydland.



Bilete av Olai Aarskog i denne kjolen frå rundt 1900. Foto: Kjetil Rydland.

- [Førre](#)
- [Neste](#)

Butikkar og tenester i sentrum "Klikk for å sjå alle"

TANNLEGANE i Fitjar - Larsenbygget



ÅSLAUG
EMMERHOFF

INGVILD
SUNDBY

TELEFON **53 49 70 65**

For timebestilling ring:
53 49 78 90
Eller klikk deg inn på
ledigtime.no



Treff oss 1. etg i Larsenbygget

QUIZ PÅ HOTELLET

MED ARNE RAUNHOLM
SOM QUIZ-MASTER

FREDAG 22. SEPTEMBER KL. 20.00
KR. 100,- PR. LAG (MAKS 6 PERSOER)
VELKOMMEN TIL NYE OG GAMLE DELTAGERE!



Fitjar
FIORDHOTELL
TEL 53 45 77 00

 FØLG OSS PÅ FACEBOOK!